



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Hordaland fylkeskommune
10 APR 2017

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.: **Vår ref.:** **Direkte innval:** **Dato:**
17/156-3/K2 - N10, K3 - &13/JAR 56 52 70 47 07.04.2017

Innspel til Regional Transportplan Hordaland 2018 - 2029 - Ulvik herad

Ulvik herad v/planutvalet vil med dette komme følgjande innspel til RTP 2018 – 2029:

«Ulvik herad sluttar seg til framlegget til Regional transportplan 2018-2029, og vil koma med slik fråsegn:

Fylkesveg 300 Ulvik – Osa:

- *Fylkesveg 300 Ulvik –Osa er ein veg som er svært utsett for ras. Det er heilt nødvendig at denne vegen vert utgreidd og rassikra. Årleg opplever Ulvik herad at ras fører til vegstenging, og vanskar for m.a. kommunale tenester. Ei heil bygd opplever også isolasjon frå resten av omverda.*

Fylkesveg 301 Lekve –Rondestveit:

- *Ulvik herad støttar ei omlegging av fylkesveg 301 Lekve –Rondestveit. Det er viktig at denne strekninga vert endra ved Hjeltnes vidaregåande skule, slik at vegen ikkje går gjennom skuleområdet. Det er også viktig og at vegen vert tilrettelagt for større køyrety/tungtransport relatert til næringsverksemd i området.*

Fylkesveg 303 – Brakanes - Ljono

- *Fylkesveg 303 til Ljono treng oppgradering på område som; vegbreidd, svingradius og stabilisering av grunnforhold. Vegen er skuleveg for mange barn, og tilførsleveg for gardsbruk og næringsverksemd.*

Fylkesveg 572 Brakanes – Holven:

- *Denne vegen må vedlikehaldast og utbedrast slik at vegen er ein realistisk avlastningsveg og omkjøringsveg for Rv13/Rv7 Bruravik – Voss.*
- *Det er særskilt viktig og få rassikra dei områda langs vegen der det er registrert rasfare i ein eller anna form, for på den måten ha ein omkjøringsveg som er sikker heile året.*



E-post

postmottak@ulvik.kommune.no

Telefon

56527000

Bankkontonr

3450 19 70001

Organisasjonsnr

971 159 928



Fylkesveg 572 Brakanes – Hydle:

- Denne vegstrekninga må utbetraast slik at ho vert ein trygg skulevegg for skuleborna. Det er spesielt viktig for dei skuleborna som ikkje har rett til skuleskyss, og fylgjeleg vert utsett for fare ved ferdsel på denne vegstrekninga.
-

Fylkesveg 7 Granvin – Trengereid:

- Ulvik herad ser det som naturleg at ein har fokus på oppgradering og utbetring av fylkesveg 7 gjennom Kvam, då dette er ein viktig omkjøringsveg for E 16 – Trengereid – Voss, og samstundes ein viktig turistveg.

Riksveg 13 Bu – Odda

- Ulvik herad ser Hardangerregionen som ein region som er avhengig av gode interne kommunikasjoner, og sikre vegar mellom bygdene. Med Hardangerbrua som eit knutepunkt, er det viktig at vegane til og frå er sikre og trygge

Kollektivtrafikk:

Ulvik herad ser det som særstegnende å ha gode, praktiske løysingar på kollektivtrafikken i regionen og fylket. Dette gjeld både rutetilbod og betaligsløysingar. Med eit tilpassa kollektivtilbod vil ein leggja til rette for reduksjon av biltrafikk, og på den måten redusera den totale trafikkbelastinga i region og fylke.

For ordførar Hans Petter Thorbjørnsen

Med helsing

Jarle Grevstad
teknisk sjef
(brevet er sendt elektronisk, og har derfor ingen signatur)